



Arne Kjølraug
Gangstøvegen 99
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/736 - 15/5566

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2015

Retur av søknad om tilkomstveg på gbnr 133/23 Soltveit Søndre

Administrasjonen syner til Dykkar søknad om tilkomstveg til fritidsbustad, motteke her den 20.02.2015.

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av tilkomstveg til eksisterande fritidsbustad, som er ynskja omgjort til heilårsbustad. Det er sendt inn skriftleg søknad saman med situasjonskart som syna det omsøkte tiltaket.

Administrasjonen finn søknaden for mangelfull til at vi kan kunne handsame den slik den ligg føre no. Tilkomstveg til bustad er et såpass stort tiltak som krevjast god planlegging når det gjeld terrengtilpassing og praktisk utførelse.

Det er ikkje sendt inn terrengprofiler som syner tilkomstvegen, og administrasjonen kan heller ikkje sjå at det er sendt inn måltal over korkje vegens dimensjonar eller tomta sin utnyttingsgrad per i dag og som følgje av tiltaket.

Kommunen vil i denne saka be om at De engasjerer eit ansvarleg føretak som kan stå som ansvarleg søkjar i denne saka. Tiltaket trengs å belysast tilstrekkeleg for at administrasjonen skal kunne handsame søknaden.

Konklusjon

For at administrasjonen skal kunne handsame Dykkar søknad ber vi at De engasjerer eit ansvarleg føretak som kan søkje på vegne av Dykk i denne saka.

Vi gjer merksem på at tiltaket må nabovarslast til alle berørte naboar eller gjenbuarar, i nabovarsel skal det også gå fram at De søkjar om dispensasjon, og kva De søkjar dispensasjon i frå. Dersom tilkomstvegen er planlagt over nabotomtar trengs det samtykke i frå eigar på dette. Det trengs også samtykke i frå eigar av vegen om bruk av denne. I tillegg må det søkjast til kommunen om utvida bruk av avkjørsle.

Administrasjonen gjer merksem på at denne saka vert avslutta i påvente av ny søknad sendt inn av ansvarleg føretak.

Med helsing



Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arne Kjørlaus

Gangstøvegen 99 5911

ALVERSUND